

Kommentar til innhold i planprogrammet: bakgrunn

Sitat Alver kommune om planprogrammet:

«For å kunna gi elevane eit godt pedagogisk tilbod, må kommunane heile tida vurdera om barnehage og skulestrukturen er rett. Folketalet utviklar seg ulikt i dei ulike krinsane i kommunen. Det fører med seg at barnetalet blir redusert ved nokre skular og barnehagar, medan det aukar ved andre. Alver kommune opplever både geografiske og demografiske endringar, og treng difor å utarbeide ny plan for bruken av barnehagar og skular.»

Kommentar til dette:

At gjennomgang av barnehage- og skulestrukturen handlar om å sikre eit godt pedagogisk tilbud til barna, synes SU/FAU representerer saka dårleg. Behovet for å gå igjennom denne planen handlar åleine om at det i økonomiplanen for 2023-2026 kjem fram at kommunen treng å redusere kostandar. Eit av forslaga som kommunedirektøren har framlagt er gjennomgang av skulebruksplanen for å kunne redusere kostnadar på enten årsverk og/eller driftskostnadar. For å kunne gjere slike tiltak er det reelle resultatet nedlegging for å kunne redusere antall årsverk og driftskostander. Altså ikkje noko samanheng med det pedagogiske tilbudet, anna enn at dersom ein kuttar årsverk i eksisterande struktur, så opprettheldt ein ikkje det pedagogiske tilbudet.

Dette forslaget frå kommunedirektøren førte til at kommunestyret fatta då vedtak: «Saka vert utsett og kommunestyret ber om at saka kjem tilbake med eit breiare mandat for skulebruksplan og at fleire omsyn enn økonomi og struktur vert vekta.»

Ettersom at ønsket om revideringa kjem frå eit kun økonomisk perspektiv, samstundes som denne planen skal sikre at fleire perspektiv enn økonomi og struktur skal vert vekta, er det vanskelig å greie ut om kor viktig trivsel, trygghet og nærmiljøet er, då dette ikkje kan målast i kroner. Men me i SU/FAU meiner at det er viktigare at alle barn i kommunen har ein skule og barnehage i nærmiljøet sitt for at det nettopp skal være trygt, enn at det skal sparast pengar. Så me er heilt einig at det er behov for å vektlegge andre perspektiv enn økonomi når ein skal vurderar strukturendring/nedlegging. Som SU/FAU ved Austebygd veit me godt kva dette har å sei, då me er den skulekrinsen med nest lågast elevtal, men det betyr ikkje at skulen er tilknytta ein unødvendig kostnad.

Me har ein liten skule og barnehage i forhold til mange av dei andre i kommunen og det er også då naturleg at skulen og barnehagen ikkje har dei største elevtala her i kommunen. Det er ikkje verken plass eller grunnlag for at me skal være ein av dei største skulane med høgast elevtal. Det er det rett og slett ikkje plass til. Difor bør ikke dei minste skulane automatisk være gjenstand for dei som skal værta vurdert nedlagt heller. Me har ein barnehage som er full og eit stabilt elevtal i ei bygd som treng både skule og barnehage for at barna våre skal ha eit

opplæringstilbud i sitt nærmiljø. Me har ingen andre grender eller tettstadar som er innan rimelig geografisk avstand som ville opprettholdt ett tilfredstillande tilbud til alle barna på Austebygd.

I samanheng med at demografien no endrast vil det ikkje bere bli færre barn, men også bli økt antall hus ledig til salgs. Bygda vår har hatt lite eller ingen boligsalg lenge, både grunna vanskeleg for å få godkjent prosjekter for nybygg hos kommunen og eldre befolkning utan små barn. No når husa blir ståande tomme etterkvart, opplever vi i bygda at vi er ein attraktiv plass for unge tilflyttarar og at det er ein fordel at vi då er ein av dei få stadane i kommunen kor ein kan få ein einestad til 2-3 millionar. Så vi vil også at det ikkje bere er historiske endringar i barnetall som blir vektlagt, men også at dei demografiske endringane kan for små stader som Austebygd, bidra til at framtidens barnetall blir vedlikeholdt om ikkje det også aukar.

Kommentar til plaprogrammet: Føremål og målsetningar med planlegginga.

SU/FAU synes det er fint at det er eit eget punkt om nærmiljøet.

«Ein barnehage og skule er viktig for nærmiljøet, og fungerer som ein møteplass for uformell leik og aktivitet på fritida.»

SU/FAU ønsker at det blir lagt til i punktet: planarbeidet **skal** difor sikre at alle barn har eit tilbud av skule og barnehage i sitt **nærmiljø**.

Ei stor problemstilling som må undersøkast er konsekvensar av nedlegging. Konsekvensar bør vurderast i både helse, miljø, tryggleik, trivsel, folkehelse, skulefritidsordning, leksehjelp, lengde på skuleveg og nærmiljøet. Det er viktig at det blir ei god utgreiing om det finnes gode nok alternativ før ein kan vurdere nedlegging som eit alternativ.

Som tidligare nevnt så ønsker SU/FAU at alle barn skal ha eit skule- og barnehage tilbud i sitt nærmiljø. Det må difor utgreiast kva dei ulike delane av kommunen sitt tilbud til eit skule og barnehagetilbud vil være ved ein strukturell endring. Det er viktig at dei geografiske forholda blir hensynstatt og at barna skal kunne ha ein møteplass i nærleiken i form av ein skule og barnehage som dei kan komme seg til på ein trygg måte. Det er fleire stader i kommunen der det er tett geografisk nærheit mellom skular og barnehagar, og skal ein redusere antall skular eller barnehagar, bør dette vektlegges å skje der ein har alternative skular/barnehagar i nærleiken. Det må være **uaktuelt** å endre strukturen slik at born blir isolert frå å kunne delta i aktivitetar i sin skule/barnehage grunna at det blir store geografiske avstandar mellom eleven og nærmaste skule.

Når ein skal vurdere dette er det også viktig å strukturere kommunen slik at ein ikkje blir nødt til å levere born i feil retning fleire mil frå kor flesteparten av arbeidsplassane befinn seg for befolkningen.

Som til dømes vil dei fleste arbeidsplassar til føresatte i Austebygd, jobbe i enten Knarvik eller Mongstad. Nærmaste skule utan Austebygd ville i dette tilfelle ha vært Hordabø som er ein omveg på tur/retur på 1,5 mil for dei fleste barnefamiljar. Dette er ein skule som ikkje har kapasitet, så realiteten hadde vært Sæbø skule, som gir ein tur/retur avstand på omlag 3 mil. Dette hadde gått ut over det sosiale til barna, samtidig som gitt miljømessige unødvendige påvekningar med kjøring til og fra over lange avstandar for å spare i eit økonomisk budsjett. Konsekvensene for trivsel, nærmiljø og trygghet kan være katastrofale for dei barna som ikkje har mulighet til å verta køyrde/hente over så lange avstandar, og difor blir isolert. Desse konsekvensene hadde vært betraktelig mindre både for barn og miljøet om ein til dømes hadde gjort strukturendringen kor det ikke er så store geografiske avstandar.

Å vurdere dette er avgjerande for å være i tråd med hovudmål 4 i samfunnsdelen: "Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse." Og punktet "utvikle heile kommunen".

Til slutt:

Det er mykje fint i planprogrammet om trivsel, trygghet og fokus på tilbud som bidrar til utvikling og fremje helse hos befolkningen. Dette er viktig at evt. endringar i struktur ikkje går på kompromi med dette. Planarbeidet skal være langsiktig og ein må difor også vurdere langsiktig og tenke nytt. Er drift og vedlikeholdskostnadene vesentlig mindre med ein samanslåing av skular, så bør ein difor vurdere dette der det er fleire skular/barnehagar i same geografiske område.

Sletta 14.09.23.

FAU og SU ved Austebygd skule og Austebygd barnehage

v/ Linn Gripsgård Lunde og Rosalinn Nottveit Floen